



UTDANNINGS
FORBUNDET



AVTALE

Mellom

Utdanningsforbundet

og

Norsk Folkehøgskolelag (NF) og Noregs Kristelige Folkehøgskolelag (NKF)

1. Formålet med avtalen er å etablere eit rettsleg forpliktande samarbeid mellom Utdanningsforbundet og dei to folkehøgskoleorganisasjonane.
2. NF og NKF har eit eige samarbeidsutval, som mellom anna representerer dei to organisasjonane i samarbeidet med Utdanningsforbundet.
3. Dobbeltmedlemskap: Medlemmer i NF og NKF som fyller krava til medlemskap i Utdanningsforbundet, blir òg rekna som medlemmer i Utdanningsforbundet.
4. I forhandlingssamanheng i tariffområde der Utdanningsforbundet har direkte forhandlingsrett eller forhandlar gjennom Unio, forhold NF/NKF seg til Utdanningsforbundet på denne måten:

I sentrale forhandlingar og i forhandlingar på fylkeskommunalt eller tilsvarende nivå, representerer Utdanningsforbundet dei av medlemmene i NF/NKF som har dobbeltmedlemskap. Desse medlemmene vil difor vere bundne av Utdanningsforbundet sine tariffmessige vedtak og tariffavtalar.

NF/NKF skal konsulterast før det blir sett fram krav i forhandlingar som også gjeld folkehøgskolen.

Tillitsvalde og tilsette i NF og NKF kan etter avtale representere Utdanningsforbundet i forhandlingar.

Ved forhandlingar om avtalar som berre gjeld folkehøgskolen, skal krava som vert sette fram vere formulerte av eller godtekne av samarbeidsutvalet for NF og NKF, som og skal kunne vedta eller forkaste resultatet. Likevel slik at ved eventuell streik må dette godkjennast av Utdanningsforbundet. Ved eventuell tvist skal NF/NKF bere kostnadene.

NF og NKF skal framleis inngå tariffavtalar for dei av medlemmene som ikkje gjennom dobbeltmedlemskap også er medlemmer i Utdanningsforbundet.

På skolenivå representerer tillitsvalde for NF/NKF Utdanningsforbundet i forhandlingar, drøftingar og informasjonsmøte, så sant ein ikkje på skolen blir einige om noko anna.

5. Når det gjeld eventuelle folkehøgskolar som ikkje er part i eller knytt til sentrale tariffavtalar, vil NF/NKF og Utdanningsforbundet samarbeide etter prinsippa i pkt 4 i denne avtalen.
6. OU-midlar som Utdanningsforbundet får på grunnlag av dobbeltmedlemsskap i NF/NKF, blir overførte til dei to organisasjonane. Representantar for NF/NKF kan etter avtale delta i tillitsvaltopplæring i Utdanningsforbundet, og representantar for Utdanningsforbundet kan delta i tillitsvaltopplæring i NF/NKF.
7. Medlemmene i NF og NKF får tilgang til generelle medlemstilbod i Utdanningsforbundet.
8. Det skal opprettast eit samarbeidsutval mellom Utdanningsforbundet og NF/NKF. Ved sidan av å drøfte tariffmessige forhold og vere eit forum for gjensidig informasjon, kan utvalet også ta opp andre spørsmål av felles interesse. Utvalet skal ha møte minst ein gong kvart halvår. Organisasjonane avgjer sjølve kor mange som deltek i møta.
9. Norsk Folkehøgskolelag og Noregs Kristeleg Folkehøgskolelag blir haldne oppe som eigne organisasjonar som skal ta vare på idégrunnlaget, vera interesseorgan for folkehøgskolen og arbeide med pedagogisk utviklingsarbeid og andre tiltak overfor medlemmene og folkehøgskolane.
10. NF og NKF refunderer Utdanningsforbundets kontingent til Unio for dobbeltmedlemmene. Dei to organisasjonane betaler elles etter nærare avtale for tenester Utdanningsforbundet utfører for NF og NKF.
11. Avtalen gjeld frå 1. januar 2006. Han kan seiast opp av partane med eit varsel på 6 månader.

Ultimo august 2005


Avtalen er revidert i januar 2008



Helga Hjetland
Utdanningsforbundet



Leon Haugsbø
NKF



Lars Sigve Meling
NF